




HÅ KOMMUNE
SENTRALADMINISTRASJONEN

Det kongelige Finansdepartement
Skattelovavdelingen
Postboks 8008 Dep
0030 OSLO



Dykkar ref.

Vår ref.
03/01590-019
016885/04 AHA

Arkivkode
200

Stad/Dato
Varhaug, 20.09.2004


**MELDING OM POLITISK VEDTAK - HØYRING VEDR.
SKATTEOPPKREVJARUTVALET SI INNSTILLING - NOU 2004:12**

Formannskapet behandla i møte 16.09.2004 sak 0080/04. Følgjande vedtak blei fatta:

Hå kommune går inn for at skatteinnkrevjinga framleis skal vera kommunal.

Til orientering følgjer saksframlegget til formannskapet.

Med helsing
Hå kommune


Åslaug Harbo
seksjonsleiar skatt



SAKSFRAMLEGG

Saksbehandlar: Åslaug Harbo
Arkivsaksnr.: 03/01590

Arkivkode: 200

HØYRING VEDR. SKATTEOPPKREVJARUTVALET SI INNSTILLING – NOU 2004:12

Rådmannen si innstilling:

Hå kommune går inn for at skatteinnkrevjinga framleis skal vera kommunal.

Vedlegg:

1. Høyringsbrev frå Finansdepartementet av 18.06.04, uttalefrist 01.10.04
2. Samandrag (kap. 2) frå NOU 2004:12 Bedre skatteoppkreving

Bakgrunn for saka:

I Norge er det felles innkrevjing av inntektsskatt, formuesskatt, trygdeavgift og arbeidsgjevaravgift på vegne av alle skattekreditorane. Fellesinnkrevjinga ligg i dag til den kommunale skatteoppkrevjaren, som og fører skatterekneskap og utøver arbeidsgjevarkontroll på fellesinnkrevjingsområdet.

Stortinget har to gonger det siste tiåret behandla organiseringa av skatteinnkrevjinga. Ved begge behandlingane slo Stortinget fast at kommunane skal ha ansvar for skatteinnkrevjinga i Norge, og at innkrevjinga skal skje i distrikta.

Finansdepartementet har likevel sett i gang eit nytt utgreiingsarbeid som omhandlar kven som skal driva skatteinnkrevjing i framtida. Skatteoppkrevjarutvalet som blei oppnemnt av Finansdepartementet 26.05.03 la fram si innstilling 12.05.04. Eit fleirtal føreslår å statleggjera skatteinnkrevjinga i Norge, mens mindretalet, som var dei kommunale representantane i utvalet, vil fortsetja med kommunal skatteinnkrevjing.

Fleirtalet og mindretalet sine syn går fram av vedlegg 2, punkt 2.10.1 og 2.10.2.

KS har i samrøystes sentralstyrevedtak 18.05.04 uttalt at skatteinnkrevjinga fortsatt må vera kommunal eller felleskommunal oppgåve.

Vurdering:

Rådmannen har fylgjande merknader til høyringa:

- Fleirtalet i utvalet sitt forslag vedrørande organisering fører til at skatteoppkrevjarkontora blir omdanna til tvangsinnkrevjingskontor, som bare arbeider med tvangsinnkrevjing av skattar og avgifter. I dagens kommunale organisasjonsmodell er tvangsinnkrevjing ei av fleire oppgåver. Av andre oppgåver har vi betalingsentral for frivillig skattebetaling, informasjonsverksemd overfor arbeidsgjevarar og skattytarar, og vi utfører arbeidsgjevar-



kontroll; m.a.o. vi utfører alle skatteinnbetalingsfunksjonane. I det statlege organisasjonsforslaget blir kontora bare tvangsinnkrevjingskontor, og det vanskeleggjer god dialog mellom skattytar og skatteoppkrevjar. Det blir også vanskeleg å ha fleksibel innkrevjing slik vi har i dag, og skattytarane kan bli kasteballar mellom dei ulike offentlege kontora.

- Dei kommunale skatteoppkrevjarane klarer å krevja inn mellom 99 % og 100% av utlikna skatt. Dette skuldast god kommunikasjon mellom skatteoppkrevjar og skattytar. Nærhet er av stor betydning for å få ein god dialog med skattytarane. Såleis vil det ikkje vera noko å tena på ei statleggjering av skatteinnkrevjinga.
- Kommunalt ansvar for skatteinnkrevjinga fører til god rettssikkerhet for skattytar ved at det er eit klart skilje mellom den sida som fastset skatten (likninga) og den sida som krev inn skatten. Avstanden mellom fastsetjing og innkrevjing av skatt er slått fast som ein grunnleggjande føresetnad i tidlegare utgreingar og i Stortinget si behandling av skatteinnkrevjinga. Statlege likningskontor og kommunale skatteoppkrevjar, slik vi har det i dag, gir den beste rettssikkerheten.
- Kommunal skatteinnkrevjing er med å halda oppe kommunalt økonomisk sjølvstyre. Det er avgjerande for eit levedyktig lokalt demokrati å kunna påverka eige inntektsgrunnlag, og det skal vera ein positiv samanheng mellom den økonomiske utviklinga i lokalt næringsliv/lokale hushald og nivået på lokale, offentlege budsjett. Eksempel er forslaget om å gjeninnføra bedriftsskatt som kommunal inntektskjelde.
- Rådmannen vil vidare visa til den store betydningen kommunalt ansvar for skatteinnkrevjing har for den samla økonomiforvaltninga i kommunen. Kommunal skatteinnkrevjing medfører effektiv drift og ressursbruk ved at denne kompetansen også kan nyttast ved innkrevjing av kommunale krav. Dette bidreg til å oppretthalda levedyktige innkrevjingsmiljø i små og mellomstore kommunar.
- Det er dokumentert at dei kommunale skatteoppkrevjarkontora utøver god brukarservice. Ei landsomfattande undersøking gjort av Norsk Gallup i 2002 stadfestar at dei kommunale skatteoppkrevjarane scorer mykje betre enn dei statlege skattekontora når det gjeld tilgjengelighet, kundebehandling, saksbehandlingstid og informasjon.
- Statleggjering og sentralisering vil gjera det vanskelegare for dei folkevalde å få innsyn i skatteinnkrevjinga.
- Departementet skriv at det førebels ikkje ligg føre endeleg forslag til ny organisasjonsmodell for nye kontor. Konsekvensane av overgang til ny ordning og ny drift kan derfor ikkje klargjerast nå. Mangel på analysar og konsekvensvurderingar av ei eventuell statleggjering er ein stor svakhet i utvalet si utgreiing.

Eventuell statleggjering av skatteinnkrevjinga har negative fylgjer, ikkje bare for kommunal sektor, men og på nasjonalt nivå, m.a.vil dette føra til:

- sentralisering og dårlegare tilgang til offentlege tenester i lokalmiljøet
- store overgangskostnader; nye kontor skal etablerast, med dei oppstarts-, drifts- og planleggingskostnader det fører med seg




Konklusjon:

Kommunane har i dag ei skatteinnkrevjing som er effektiv og av god kvalitet. Skatteoppkrevjarutvalet føreslår ytterlegare forbedringar, og desse kan gjennomførast uavhengig av statleg eller kommunal organisering. Rådmannen tilrår derfor at skatteoppkrevjinga framleis blir ei kommunal oppgåve.

HÅ KOMMUNE
Varhaug, 09.09.2004

Lars Kolnes
rådmann


Harald Berglie
Økonomi- og plansjef